

## Vedtekter for Lindås Indremisjon,

tilslutta Indremisjonsforbundet gjennom Nordhordland Indremisjon.

### § 1 Grunnlag

Lindås Indremisjon byggjer arbeidet sitt på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv foreninga alt arbeidet sitt, kallar frivillige, og evt. tilset sine arbeidlarar.

### § 2 Formål

a) Lindås Indremisjon har til formål å fremja Guds rike, og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette formålet vil ein til ei kvar tid forkynne Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.

b) Lindås Indremisjon vil arbeida saman med Nordhordland Indremisjon og Indremisjonsforbundet for å styrkja indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreninga vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver krinsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmelde einingar.

### § 3 Status

a) Lindås Indremisjon består av dei medlemmer som melder seg inn, og som er einlege i §§ 1 og 2, vedkjenner seg som ein personleg kristen, lever eit kristeleg liv, og betalar den årskontingent som foreninga sitt årsmøte vedtek, og er gjort kjent med foreninga sitt grunnlag, formål og arbeid.

b) Lindås Indremisjon er tilslutta Nordhordland Indremisjon, og dermed også Indremisjonsforbundet, og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i organisasjonen.

c) Nordhordland Indremisjon og Indremisjonsforbundet har tilsynsmyndighet.

### § 4 Årsmøtet

a) Årsmøtet er Lindås Indremisjon si høgste myndighet, og vert halde kvart år innan utgangen av februar. Alle som har vore medlemmer i eit år, og er fylt 15 år, har røysterett. Styret for Nordhordland Indremisjon kan senda ein utsending til årsmøtet. Denne har talerett, men ikkje røysterett.

### b) Årsmøtet handsamar

- styret si årsmelding
- reviderte årsrekneskapar
- lovendringar
- andre saker som styret eller medlemmene legg fram (fr. pkt. e)

### c) Årsmøtet vel

- formann, styremedlemmer og varamedlemmer til styret
- valkomite
- revisor
- hussyre

d) Årsmøtet gjer vedtaka sine med vanleg fleirtal. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal

e) Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til styret seinast tre månader før årsmøtet skal halast. Berre styret og foreninga sine medlemmer kan fremja forslag til vedtektsendringar. Årsmøtesaker må gjerast kjend for medlemmene i god tid før årsmøtet vert

halde.

f) Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av styremedlemmene eller 1/3 av foreningsmedlemmene ber om det.

g) Protokoll frå årsmøtet vert sendt til krinsstyret i Nordhordland Indremisjon.

## § 5 Styret

a) Lindås Indremisjon vert leia av eit styre som er høgste myndighet mellom årsmøta.

b) Styret består av fem medlemmer. Formann vert vald av styret for eit år om gongen. Dei andre medlemmene vert valde for to år, slik at det kvart år er to som står på val. Desse kan veljast att.

Styret har to varamedlemmer som vert valde for eit år. Første varamedlem møter fast i styret. Styret vel nestformann og andre verv seg i mellom. Styre er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades.

c) Styret held held møte når formannen kallar inn til det, eller eit fleirtal av styremedlemmen krev det.

## § 6 Styret sine oppgaver

a) Styret skal

- setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sin vedtak og avgjerder
- forvalta og føra kontroll med Lindås Indremisjon sin økonomi. Større økonomiske saker må leggjast fram for krinsstyret til orientering, og handsamast av foreninga sitt årsmøte

b) Styret bind foreninga rettsleg.

c) Styret kallar og tilset dei arbeidarene foreninga treng, i samråd med styret for Nordhordland Indremisjon

d) Styret kallar inn til årsmøte, og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette

## § 7 Eigeidom

Lindås Indremisjon eig og disponerer fullt ut Lindås bedehus. Årsmøtet vel eit eige husstyre på 3 medlemmer som får ansvar for drift og vedlikehald av huset. (jfr. § 4 c) Husstyret rapporterar til styret for Lindås Indremisjon. Investeringar og driftskostnader skal godkjennast av styret.

## § 8 Oppløysing

a) Skulle Lindås Indremisjon bli nedlagt eller oppløyst, går foreninga sine midlar og eigeidommar over til Nordhordland Indremisjon eller Indremisjonsforbundet.

b) Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje rekna som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling, og nødvendige lovendringar i samband med dette, vert gjort i samsvar med reglane om vedtaksendringar (jfr. § 9) Styret skal i denne samanheng leggja fram ein plan for samanslutninga/delinga som årsmøtete kan røysta over. Ved samanslutning/deling må det hentast inn samtykke frå Lindås Indremisjon sine evt. kreditorar.

## § 9 Vedtaksending

Årsmøtet i Lindås Indremisjon kan endra desse vedtektene med 2/3 fleirtal, jfr. § 4 b, d og e. §§ 1 og 2a første ledd, kan ikkje endrast.